

Saksnr: 2019/11-2  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesting		15.10.2019

**Møteplan for Vestland fylkeskommune hausten 2019 og året 2020****Forslag til vedtak**

Fylkestinget vedtek oppdatert møteplan for hausten 2019 og året 2020 for Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, planutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering slik det går fram av tabellane på side 3 og 4 i denne saka.

**Samandrag**

Det vert med dette lagt fram forslag til oppdatert møteplan for hausten 2019 og for året 2020 for fylkesting, fylkesutval, valnemnda, dei faste utvala, finansutvalet og planutvalet.

Møteplan for kontrollutvalet, andre folkevalde organ og medverknadsorgana blir vedteke av organa sjølv hausten 2019. På den elektroniske møteplanen på nettsidene vil ein og ta med møtedatoane for desse organa etter kvart som dei vert vedteke.

Rune Haugsdal  
prosjektleder

Bertil Sjøfteland  
leder fylkessekretariatet

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven signatur.*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Møteplan for året 2020 var til behandling i møte den 18.09.2019 i fellesnemnda som PS 56/19. Oppdatert møteplan for hausten 2019 vart behandla i møte i fellesnemnda den 23.05.2019 som PS 33/19. Det vart i begge desse sakene vist til gjeldande kommunelov § 32, der det går fram at det er organet sjølv eller fylkestinget som fastset møtetidspunkt for fylkeskommunale organ. Ifølgje ny kommunelov § 11-2 skal det haldast møter i folkevalde organ dersom eitt av tre vilkår er oppfylt:

- a) Organet sjølv, kommunestyret eller fylkestinget vedtar det.
- b) Organets leder mener det er nødvendig
- c) Minst 1/3 av medlemmene krever det.

Fellesnemnda har etter inndelingslova § 26 i oppgåve å forestå det forberedande arbeidet med samanslåinga. I sak PS 22/2019 til fellesnemnda var det gjort greie for kvifor fellesnemnda har kompetanse til å vedta møteplan for hausten 2019.

Møteplan for 2020 skal sikre ein god balanse som sikrar at Vestland fylkeskommune både ivaretek intensjonsplanen, ser til at heile fylket blir ivareteke, oppfyller forventninga om politikardag med påfølgjande møter i hovudutvala, samt at reisebelastninga for den politiske og administrative leiing knytt til politiske møte ikkje blir større enn nødvendig.

I intensjonsplanen er det gitt nokre føringar:

#### **«3.6. Regiontinget, regionutvalet og hovudutvala sine samlingar og møte**

*Regiontinget skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane. Samlingar utover dette vert i hovudsak lagt til administrasjonssenteret. Hovudutvala og regionutvalet skal likevel vere fleksible og kunne alternere i regionen for å ivareta lokalkunnskap og for å halde oppe kontakten med lokalsamfunna i heile regionen. Alle utvala skal ha årlege samlingar i dagens Sogn og Fjordane».*

I PS sak 56/19, møteplan for Vestland vår 2020, gjekk det fram at:

*«Prosjektlear forstår føringa slik at det vil vere ein praksis på at eit årleg fylkesting skal leggjast til noverande Sogn og Fjordane og eit i noverande Hordaland utanfor Bergen. Dermed legg prosjektlear til grunn at det vil vera to årlege tingsete i administrasjonssenteret – Bergen.*

*Når det gjeld antal tingsete legg prosjektlear til grunn dei premiss om antal møtedager som vart grunnlag for PS 8/2019 om Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Det vart her lagt til grunn 8 møtedagar, altså 4 tingseter.*

*I 2020 vert det lagt til grunn at det blir eit fylkesting i Bergen i mars, eit fylkesting i «Hordaland» i juni, eitt fylkesting i Bergen i oktober og eit fylkesting i «Sogn og Fjordane» i desember.»*

Prosjektlear har motteke to innspel til møteplan for Vestland året 2020:

1. Det går fram av møteplanen for vår 2020 i sak 56/19 at det var lagt opp til møte i fylkesutvalet, planutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon, hovudutval for kultur, idrett og integrering samt ein politikardag i uke 8 (17.-21.2), i februar 2020. I ettertid har det vist seg at det er vinterferie i skulane i Sogn og Fjordane i denne veka. Det kan difor by på praktiske problem å leggje møta til denne veka. Det vert av den grunn lagt opp til møter i desse utvala, i veka før, det vil seie i veka 7. (10.-14.2).

2. I sak PS 56/19, møteplan for Vestland vår 2020, vart det sett fram følgjande tilleggsforslag:

*«Det må vere ein fleksibilitet i møteplan som medfører at det kan setjast opp fleire møte ved behov».* Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Det er lagt opp til eit møte i Vestlandsrådet den 27.11.2019. Vestlandsrådet skal vedta møteplan for året 2020, i møte i Vestlandsrådet den 27.11.2019.

Utanom dei endringane som er nemnt ovanfor, er det inga endringar i møtedatoar i møteplan for hausten 2019 eller for året 2020, for fylkesting, fylkesutval, valnemnda, dei faste utvala, finansutvalet og planutvalet.

Oppdatert møteplan for hausten 2019:

UTVAL	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fylkesting	15./16.		17./18.
Valnemnda	16.		17.
Fylkesutval	24.	13.	3.
Finansutval	24.	13.	3.
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		12.	2.
Hovudutval for opplæring og kompetanse		12.	2.
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		12.	2.
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		12.	2.
Administrasjonsutvalet		26.	
Fylkeseldrerådet		25.	
Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne		27.	
Vestlandsrådet		27.	
Fylkesutval for ungdom		29.	
Trafikktryggingsutvalet		28.	
*Politikardag – folkevaldopplæring		11.	

Oppdatert møteplan for vår 2020:

UTVAL	JANUAR	FEBRUAR	MARS	APRIL	MAI	JUNI
Fylkesting			3/4			9/10
Valnemnda			3			9
Fylkesutval	30	13	26	30	28	18
Finansutval			26		28	18
Planutval		13				
Hovudutval for samferdsel og mobilitet	15	12	11	15	13	3
Hovudutval for opplæring og kompetanse	14	12	10	14	12	2
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon	16	12	12	16	14	4
Hovudutval for kultur, idrett og integrering	21	12	17	21	19	4
Administrasjonsutvalet	22			22		
*Politikerdag – folkevaldopplæring		11				

Oppdatert møteplan for haust 2020:

UTVAL	AUGUST	SEPTEMBER	OKTOBER	NOVEMBER	DESEMBER
Fylkesting		29/30			15/16
Valnemnda		29			15
Fylkesutval		17	29	26	10
Finansutval		17		26	
Planutval					
Hovudutval for samferdsel og mobilitet		16	14	4 25	
Hovudutval for opplæring og kompetanse		16	13	3 25	
Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon		16	15	5 25	
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		16	15	4 25	
Administrasjonsutvalet		9		18	
*Politikerdag – folkevaldopplæring		15		24	

\*Politikardag er ein ordning som i dag er vanleg i Sogn og fjordane. Vestland fylkeskommune innfører politikardag for alle representantane på Vestland fylkesting.

Det må vere ein fleksibilitet i møteplan som medfører at det kan setjast opp fleire møte ved behov.

### Vedtakskompetanse

Fylkestinget, Jfr. Reglement for Vestland fylkesting punkt 2, Jfr. Kommunelova § 11-2.

### Vurderingar og verknader

**Økonomi:** Noko effekt. Midlar til møteverksemda er innarbeid i budsjetta.

**Klima:** Ingen direkte verknad.

**Folkehelse:** Ingen direkte verknad.

**Regional planstrategi:** Ingen direkte verknad.

### Konklusjon

Fylkestinget vedtek oppdatert møteplan for hausten 2019 og året 2020 for Vestland fylkesting, fylkesutvalet, valnemnda, finansutvalet, planutvalet, hovudutval for samferdsel og mobilitet, hovudutval for opplæring og kompetanse, hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon og hovudutval for kultur, idrett og integrering, som framlagt.

Vedlegg:

1. Sak PS 33/19 til fellesnemnda, Oppdatert møteplan hausten 2019.
2. Sak PS 56/19 til fellesnemnda, Møteplan for Vestland vår 2020.